



Øygarden kommune
Ternholmvegen 2
5337 RONG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Silje Fagerli Husabø, 5764 3036

Lovlegkontroll av sak PS 11/21 frå Øygarden kommune

Vi viser til oversending frå Vestland fylkeskommune den 29.06.2021.

Vedtak

Statsforvaltaren avviser krav om lovlegkontroll av vedtak i sak PS 11/21. Statsforvaltaren kan ikkje sjå at vilkåra for å gjennomføre lovlegkontroll av vedtak om å sende saka vidare til klagenemnda i kommunen, er til stades, jf. kommunelova § 27-1, jf. § 27-2.

Bakgrunn for saka

Saka er frå tidlegare Sund kommune og gjeld oppjustering av festeavgift for nokon av festarane i Klokkarvik. Kontrollutvalet gjorde den 21.04.2021 i sak PS 11/21 dette vedtaket:

«Kontrollutvalet sender saka over til klagenemnda i kommunen.»

Kommunestyrerepresentantane Nils Bjarne Sæle (R), Syphorien Pombe (SV) og Eva Aarskog (SV) sende inn krav om lovlegkontroll av vedtaket i sak PS 11/21 den 11.05.2021.

Kontrollutvalet handsama saka på nytt i møte 03.06.2021 i sak PS 19/21. Der vedtok dei å sende saka til kommunestyret. Det er nå opp til kommunestyret å avgjere kva som skal skje vidare med saka.

Ved handsaming av kravet stadfesta Øygarden kommune vedtaket i møte av 14.06.2021.

Regelverk

Lovlegkontroll med kommunale avgjerder er regulert i kommunelova kapittel 27.

Etter kommunelova § 27-1 kan tre eller fleire medlemmer av kommunestyret saman bringe kommunale avgjerder inn for departementet til kontroll av om avgjerda er lovleg. Kravet må vere sett fram innan tre veker etter at avgjerda vart teken.

For kommunale vedtak er statsforvaltaren delegert avgjerdsrett, jf. rundskriv H-25/92 frå det



dåverande Kommunal- og regionaldepartementet. Nærare retningslinjer for lovlegkontroll er gitt i rundskriv H-2299 av 21.10.2013.

Dersom eit kommunalt vedtak vert teke opp til kontroll, skal Statsforvaltaren etter § 27-3 bokstav a til c ta stilling til om:

- Innhaldet i avgjerda er lovleg
- Avgjerda er teken av nokon som har mynde til å ta slik avgjerd
- Avgjerda har kome til på lovleg måte

Statsforvaltaren har ikkje rett til å ta ny avgjerd, men kan oppheve avgjerda dersom ho er ugyldig.

Statsforvaltarens vurdering

Kravet om lovlegkontroll er sett fram innan fristen på tre veker, jf. kommunelova § 27-1. Kravet er sett fram av tre medlemmer av kommunestyret, jf. kommunelova § 27-1.

Spørsmålet er om vedtaket om å sende saka vidare til klagenemnda i kommunen er eit endeleg vedtak som er gjort av eit folkevald organ eller den kommunale administrasjonen, jf. kommunelova § 27-2 første avsnitt bokstav a, eller om det er ei prosessleiande avgjerd, jf. andre avsnitt bokstav a, og difor ikkje kan kontrollerast.

Statsforvaltaren viser til at sjølv om det i ny lov er vist til «vedtak» og ikkje «avgjørelse» slik som i tidlegare lov, er det ikkje meint at det skal vere noko innstramming av omgrepet og omfanget av kva som kan vere gjenstand for lovlegkontroll. Gjeldande praksis skal i utgangspunktet vidareførast.

Omgrepet «avgjørelse» og «vedtak» i kommunelova femner vidare enn omgrepet «vedtak» i forvaltningslova.¹ Om det er tale om ein «avgjørelse» i kommunelova si forstand, må det mellom anna skiljast mellom realitetsavgjerder og prosessleiande avgjerder. Avgjerder som avgjer realiteten i ei sak må som regel sjåast på som ein «avgjørelse» etter kommunelova. Vidare følgjer det av forarbeida til gammal kommunelov at det berre er endelege avgjerder som kan bringast inn for lovlegkontroll, ikkje innstillingar gitt av administrasjonen eller folkevalde organ.² Det skal difor vere ei form for avsluttande vedtak i den kommunale sakshandsaminga.

I kommunelova § 27-2 om kva som kan kontrollerast, er det gjort visse språklege endringar og tilføyningar for å klargjere kva som kan kontrollerast, og kva som ikkje kan kontrollerast. Føresegna vidarefører elles gjeldande rett.³

Vedtaket i denne saka er ei avgjerd om å sende saka til vidare til handsaming i eit anna organ. Vedtaket legg ikkje faktiske eller rettslege føringar for den vidare sakshandsaminga, og det gir heller ikkje ei reell endring eller rettsverknad for kommunen eller andre. Det er difor ikkje ei avsluttande handsaming av saka, men ei prosessuell avgjerd.

På bakgrunn av vurderinga over, konkluderer vi med at vi ikkje har høve til å kontrollere om vedtak PS 11/21 er lovleg, jf. kommunelova § 27-2 første avsnitt bokstav a, jf. andre avsnitt bokstav a.

¹ Rettleiar H-2299 frå Kommunal- og regionaldepartementet, 2013.

² Ot.prp.nr. 42 (1991-1992) s. 300.

³ Prop. 46 L (2017-2018) s. 415.



Vi har kome til at vilkåra for å lovlegkontroll ikkje er til stades. Kravet om lovlegkontroll av vedtak gjort i sak PS 11/21 datert 21.04.2021 vert difor avvist, jf. kommunelova § 27-1, jf. § 27-2.

Det er ikkje klagerett på avgjerda.

Statsforvalteren ber Øygarden kommune orientere kravstillerane om resultatet av lovlegkontrollen.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Jorunn Fosse Fidjestøl
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
VESTLAND FYLKESKOMMUNE Postboks 7900 5020 BERGEN